



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for mai 2020.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK
12713

Årgang
55



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Bjørn Teigene
Visepres: Oskar Grimstad
Sekretær: Vegard Gjerde
Kasserar: Hanne Rognan
Past pres: Sverre Jarl Ulstein
Styremedlem: Harald Elias Teigene
Ansv.red.: Anne Gry Eilertsen
Referent: Johan Ole Brandal

Om Vaaren

Ja, deiligt er her for sandt og vist
Ved Krøderens grønne Strande:
Gjøgen galer paa løvrig Kvist,
Fjeldet speiler alvorligt hist
Den skaldede hvide Pande
Dybt i de blanke Vande.

Hæggen hvidner fra Top til Rod
Og udsender Vellugtstrømme;
Maaltrosten er ved Gry paa Fod
Og synger til Nat med trøstigt Mod,
Som kunde Brystet ei tømme
De sommerlig lyse Drømme.

Give Gud mig, som hører den Klang
Og seer Naturen den unge,
At vandre med freidig Hu min Gang
Ad Veien, som dog er lys, skjønt trang,
Og Herren min Gang at sjunge
Med foraarsglad Psalmetunge!

Jørgen Moe

Referat frå Rotarymøte 11. mai 2020.

Siste Rotary møte før Korona nedstenging var 9. mars 2020.

Sidan den tid har alle Rotary-møter vore avlyste, i tråd med gjeldande smittevern reglar.

No løyser styresmaktene litt på regelverket, og Hareid Rotary sitt første møte blei ein dugnad på Rotary-stien.

Dugnadsarbeidet denne dagen var opprydding av greiner og organisk avfall langs traktorvegen, frå Hareidsvegen til Hareidselva.

Ingar Teigene stilte med traktor og tilhengar og alt innsamla avfall blei køyrt bort til egna mottak.

Det var godt frammøte på dugnaden og vi nyttar høve til å takke alle for innsatsen, og rettar ei ekstra takk til Ingar Teigene for at han stilte med traktor, lesseapparat og tilhengar.

Referat frå Rotarymøte 18. mai 2020.



18. mai hadde vi møte i klubblokalet på vanlig måte.

På dette møte fekk vi gleder av å ta opp to nye medlemmar i Hareid Rotaryklubb.

Seremonimeister Johan Ole Brandal stod for sjølve seremonien og president Bjørn Teigene festa Rotary-nåla på jakkeslaget til dei nye medlemmane.

Det var ein verdig og fin seremoni, og vi vonar dei nye medlemmane vil finne seg vel til rette i klubben.

Etter dette fekk programansvarlig i Hareid Rotaryklubb og leiar for "Vekst i Hareid", Idar Flø ordet.

Han fortalde om arbeidet til Vekst i Hareid.

Dei har mange ballar i lufta, og konkret fortalde Idar om omlegging og utviding av Bademiljø Hareid / Rør og Interiør AS.

Sidan ein del av parkeringa på oppsida av butikken vil bli borte som fylje av tilrettelegging av for gåande, har kommunen og butikkeigarane blitt einige om tilleggsareal på nedsida av bygget, mot sjøen.

Dette er venta å bli eit godt tiltak for både dei handlande og butikken.

Vidare fortalde Idar om fleire planar langs sjøfronten i Hareid som vil gi eit etterlengta løft, om ein lukkast med planane

Referat frå Rotarymøte 25. mai 2020 .

Til Rotarymøtet denne dagen var smittevernlege i Hareid, Vidar Vollsæter invitert til å snakke litt om Korona viruset, som har sett sitt preg på verdsbiletet dei siste månadane.

Per dags dato er det registrert ca 5,6 mill tilfeller på verdsbasis og nesten 350 000 menneske er døde av viruset, så langt.

Det er venta at det er store mørketal, dvs at det sannsynligvis er langt fleire som er smitta og døde, enn det som er rapportert.

I Noreg er det registrert nesten 8500 tilfeller, av dei er 235 personar døde.

Eldre over 80 år er mest utsette, og born er lite mottakelige for sjukdomen. Noreg ser ut til å ha lukkast



bra med tiltaka så langt, men det er venta fleire byljer med

smitte, som gjer at det er alt for tidlig å oppheve smittevernet og gjere opp status.

Vidar fortalde at Korona viruset ikkje er nytt i verda.

Dagens utgåve er den 6.

Det er stor usikkerheit om kor dødelig og smittsamt viruset er, samt om korleis ein oppnår immunitet.

På det internasjonale plan er eit stort arbeid i gang med å finne fram til ei egna vaksine.

Dette er venta å ta lang tid, minimum 1 år.

Det blei trekt paralellar til Svartedauen på 1300 talet og Spanskesjuka som herja for ca hundre år sidan.

Virussjukdomar er noko vi må leve med, og det er venta at alvorlig dødelig virussjukdom vil oppstå med intervallar på ca 10 år.

Det beste vi kan gjere for å hindre smitte er å vaske hendene ofte og halde god avstand til framande.

Vi takkar smittevern lege i Hareid, Vidar Vollsæter for eit svært aktuelt og interessant foredrag.